

---

**Fra:** Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>  
**Sendt:** 21. mai 2015 16:08  
**Til:** Eilin Houlison Molvik  
**Emne:** Re: Vedr. gbnr. 247/10 - Framgangsmåte for å be om førehandskonferanse

Takk for opplysningar.

Då kjem vi raskt attende med førespurnad om førehandskonferanse for personalbustad mm..

Under samtalen forrige tysdag sa du at kommunen ikkje ville nytta eigen ekspertise for å etterprøve våre utgreiingar om kvifor her ikkje er rasfare på driftsbygningen. De held fast på kravet om at vi må betale for geolog, slik eg forsto det. Eg har difor sett meg tvungen til å engasjere geolog, og han har alt vore her. Så får vi heller krangle om rekninga i ettertid.

No har det bråhast å kome igang att med driftsbygningen. Geitene risikerer å svelta i hel om vi ikkje vert ferdige med sommarstølen rimeleg raskt. Og nyetablerte geitebonde Øystein Hole frå Osterøy får store problem. (Kanskje du såg garden hans i Norge rundt for nokre veker sidan?) Kommunen har jo også sin del av ansvaret for press-situasjonen vi er i no. Så eg forventar at kommunen også gjer sitt beste for raskt å få produsert byggeløyvet for driftsbygningen, eventuelt eit byggeløyve på vilkår av positiv geolog-uttale. Geologen har muntleg signalisert positiv rapport, men det tek litt tid for han å få laga berdig rapporten.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn

On 21.05.2015 15:42, Eilin Houlison Molvik wrote:

- > Hei
- >
- > Vi viser til dykkar besøk i byggesaksvakta 13.05.15.
- >
- > \*Førehandskonferanse\* er ei frivillig ordning der du som tiltakshavar
- > (byggherre) og kommunen kan møtes for å avklare føresetnadar for
- > byggetiltaket og råmene for den vidare saksbehandlinga.
- > Førehandskonferanse kan nyttast ved alle typer tiltak etter plan- og
- > bygningslova.
- >
- > Slik som det aktuelle tiltaket vart lagt fram i byggesaksvakta, er det
- > eit tiltak som krever ansvarsrett (tiltak etter plan- og bygningslova
- > § 20-1). For tiltak som krever at du engasjerer eit firma til å ta seg
- > av hele søknadsprosessen (kalt ansvarlig søker), bør du ha med deg
- > firmaet til møtet.
- >
- > Kommunen har ansvar for å føre referat fra førehandskonferansen.
- > Eventuell førehandskonferanse skal gjennomføres før ein eventuell
- > søknad sendes kommunen.
- >

> Meir opplysingar om førehandskonferanse finn de på følgjande lenke:  
> [http://www.bing.nu/Arbeidsdokument/Soknad/forehandskonferanse\\_informasjon.htm](http://www.bing.nu/Arbeidsdokument/Soknad/forehandskonferanse_informasjon.htm)  
>  
> De kan nytte vedlagd skjema for å be om førehandskonferanse.  
>  
> Førespurnad om førehandskonferanse skrivast i brevformat og sendes:  
> [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) <<mailto:postmottak@lindas.kommune.no>>  
> (evt. Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø).  
>  
> Førespurnaden bør innehalde ( så langt det er prosjektert);  
>  
> Gards og bruksnr. og plassering av det aktuelle tiltaket (situasjonsplan).  
>  
> Legge ved eventuelt teikningsgrunnlag td. plan-/snitt- og fasadeteikningar.  
>  
> Kven som deltek frå dykk (tiltakshavar og evt. ansvarleg søkjar)  
>  
> Det vart nemnd at det var aktuelt å seksjonere tiltaket, då bør de  
> opplyse om det i førespurnaden og be om at personell frå  
> geodataavdeling hjå kommunen deltek i møtet (det er nemnde eining som  
> har ansvar for eigarseksjonslova i kommunen).  
>  
> Med helsing  
>  
> Eilin H. Molvik, rådgjevar  
>  
> Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.  
>  
> -----  
> --  
>  
> Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå  
> postsystemet. E-post jobb: [postmottak@Lindas.kommune.no](mailto:postmottak@Lindas.kommune.no)  
> <<mailto:postmottak@Lindas.kommune.no>>.  
>  
> Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.  
> Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41.  
>  
> -----  
> --  
> -----  
>